



Arkivsak: 19/157
Journalpost: 19/1912
Saksbehandlar: Rose Mari Refsnes
Dato: 16.09.2019

Saksframlegg

Høyring - Forskrift om gebyr for saksbehandling, tilsyn og kontroll etter forureiningsregelverket

Saksnummer:	Utval:	Dato:
052/19	Arbeidsutval nye Ålesund	25.09.2019

052/19 - Arbeidsutval nye Ålesund - Vedtak:

Arbeidsutval nye Ålesund vedtar med heimel i forskrift 1.juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning (Forurensningsforskriften) § 2-12 og §11-4, samt i forskrift 28. juni 2018 nr. 1060 om forbud mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygninger § 11, jamfør § 52a i Lov om vern mot forurensninger og om avfall (Forurensningsloven) av 13.mars 1981 nr. 6, å leggje utkast til *Forskrift om gebyr for saksbehandling, kontroll og tilsyn etter forureiningsregelverket* ut på høyring, i minimum 6 veker, med høyringsfrist 11.11.2019.

Behandling:

Prosjektleiar sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå prosjektleiar:

Arbeidsutval nye Ålesund vedtar med heimel i forskrift 1.juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning (Forurensningsforskriften) § 2-12 og §11-4, samt i forskrift 28. juni 2018 nr. 1060 om forbud mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygninger § 11, jamfør § 52a i Lov om vern mot forurensninger og om avfall (Forurensningsloven) av 13.mars 1981 nr. 6, å leggje utkast til *Forskrift om gebyr for saksbehandling, kontroll og tilsyn etter forureiningsregelverket* ut på høyring, i minimum 6 veker, med høyringsfrist 11.11.2019.

Saksutgreiing:

I § 52a i Lov om vern mot forurensninger og om avfall (Forurensningsloven) av 13.mars 1981 nr. 6, opnast det for å ta gebyr for saksbehandling og kontroll/tilsyn etter denne lov eller forskrift fastsatt i medhald av lova. Aktuelle paragrafer i Forskrift om begrensning av forurensning (Forurensningsforskriften, 2004-06-01-931) er § 2-12 (forurenset grunn) og § 11-4 (påslipp/utslipp). I tillegg har vi § 11 i Forskrift om forbud mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygninger.

Kommunane vart tillagt forureiningsmyndigheit ved bygging og graving i forureina grunn i 2004, og fekk utvida sitt område som forureiningsmyndighet i samsvar med

Forurensningsforskriften del 4 om avløp betydelig frå 2007. I 2018 kom det også ei forskrift om forbod mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygningar, der kommunen vert gjeve myndigheit til å følgje opp at føresegnene i forskrifta vert følgt.

Regelverket opnar for at kommunane gjennom lokal forskrift kan finansiere dette arbeidet gjennom saksbehandlings- og kontrollgebyr.

For kommunane som skal slåast saman til nye Ålesund kommune frå 01.01.2020, er det berre Ålesund kommune som har ei slik lokal gebyrforskrift. Denne vart fastsatt av Ålesund bystyre 24. november 2016.

Vurdering:

Verksemd for Vatn og avløp i nye Ålesund treng å få vedtatt ei lokal gebyrforskrift for å finansiere disse arbeidsoppgåvene:

- saksbehandling og kontroll/tilsyn med utslipp av sanitært avløpsvann
- saksbehandling og kontroll/tilsyn med utslipp av kommunalt avløpsvann frå mindre busetnadar
- saksbehandling og kontroll/tilsyn med utslipp/påselepp av oljeholdig avløpsvann
- kontroll/tilsyn med påselepp av feittholdig avløpsvann
- saksbehandling og kontroll/tilsyn med opprydding i forureina grunn ved bygge- og gravearbeider
- kontroll/tilsyn med forbodet mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygningar

Ein treng kompetanse, personell og økonomi for å utføre tilsynsarbeid. Etter kommunesamanslåinga vil dette ansvarsområdet bli stort, og det er ønskelig å fortsette satsinga på auka tilsyn som «gamle» Ålesund kommune har starta med.

For å nemne eit eksempel vil talet på spredte avløpsanlegg i nye Ålesund bli ca. 2600 stk. Disse må følgast opp med tilsyn, og spesielt viktig er dette rundt Brusdalsvatnet og andre drikkevasskjelder.


Klima- og miljødepartementet har i brev til vannregionmyndighetene av 19. mars 2019 kome med nasjonale føringar for arbeidet med oppdatering av dei regionale vannforvaltningsplanane.

Når det gjeld avløp er det sagt at kommunane skal kartlegge og følge opp utslepp frå avløpsanlegg som dei er myndigheit for (alle avløpsanlegg etter kapittel 12 og 13 i forurensningsforskriften). Kommunen skal gi pålegg om tiltak for anlegg som ikkje overheld renskrav gitt i utsleppsløyve etter 1.1.2007, og sette i verk tiltak for å sørge for at utslepp etablert før 01.01.2007 blir reinsa i tråd med reinsekrava i Forurensningsforskriften kapittel 12 og 13.

Målsettinga skal vere at alle anlegg i den einskilde kommune skal oppfylle reinsekrava i Forurensningsforskriften slik at miljømål etter vannforskriften kan bli nådd innan 2027, og

seinast innan 2033.

For den nye kommunen er det sagt at det skal leggest stor vekt på FN sine bærekraftsmål. Bærekraftsmål nr. 6 (Rent vann og gode sanitærforhold), nr. 13 (Stoppe klimaendringene) nr. 14 (Liv under vann) og nr. 15 (Liv på land) er med på å danne sjølve grunnlaget for resten av bærekraftmåla. Dette er illustrert i figur. 1.



Figur 1

Alle dei nemnte saksbehandlings-, kontroll- og tilsynsoppgåvene som vil bli finansiert av den nye gebyrforskrifta, er med på styrke eitt eller fleire av disse bærekraftmåla.

Dei nye gebyra vil bli basert på sjølvkostprinsippet, det vil seie at kommunen sine kostnader med å gi tenestane skal dekkjast inn gjennom dei gebyra som kundane betalar. Over- eller underskot i det enkelte år skal henholdsvis avsettast eller trekkjast frå bundne driftsfond.

Som underliggende prinsipp gjeld det at forureinar skal betale for tenester det offentlige yter. Ei slik gebyrordning vil gi ei rettferdig fordeling av kostnadane. Dei som mottar tenestene, må også betale for dei.

Økonomiske konsekvensar:

Alternativet til eit eige gebyr er at kostnadane dekkjast over kommunen sitt budsjett. Forslaget vil derfor vere positivt for kommuneøkonomien. Den nye gebyrforskrifta vil føre til ei rettare fordeling av kostnadane og vil vere basert på sjølvkostprinsippet.

Juridiske konsekvensar:

I følge lovverket er det ikkje høve til å dekkje disse kostnadane over andre sjølvkostområder. Kommunen er pliktig til å følge regelverket for sjølvkostregnskap.

Andre driftsmessige eller organisatoriske konsekvensar:

Størrelsen på gebyra vil bli fastsatt av kommunestyret årlig.

Konklusjon med grunngjeving:

Forslag til forskrift om gebyr for saksbehandling, kontroll og tilsyn etter forureiningsregelverket er ei rettferdig belastning av kostnader knytt til saker av denne art. Ei slik fordeling vil også være i tråd med regelverket om sjølvkostregnskap. Sjølvfinansieringa gjer også at ein i større grad kan prioritere slike tilsynsoppgåver og dermed i større grad støtte opp om nasjonale føringar og FN sine bærekraftsmål innanfor dei aktuelle områda.

Utkast til *Forskrift om gebyr for saksbehandling, kontroll og tilsyn etter forureiningsregelverket* leggjast ut på høyring, i minimum 6 veker, med høyringsfrist 11.11.2019.

Høyringsfristen er satt slik at det er mogeleg å få vedtatt forskrifta i kommunestyret for nye Ålesund på møtet 12. desember 2019.

Høyringsinnspel kan sendast til Nye Ålesund, Postboks 1521, 6025 Ålesund eller digitalt på e-post til post.nyealesund@alesund.kommune.no.

Astrid Eidsvik
prosjektleder

Utrykte dokument i saka:

Vedlegg:

18.09.2019	Forskrift om gebyr for saksbehandling, kontroll og tilsyn etter forureiningsregelverket	1330658
------------	---	---------

Forskrift om gebyr for saksbehandling, kontroll og tilsyn etter forureiningsregelverket, Ålesund kommune, Møre og Romsdal

Med heimel i forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning (Forurensningsforskriften) § 2-12 og § 11-4, samt i forskrift 28. juni 2018 nr. 1060 om forbud mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygninger § 11. Jamfør § 52a i Lov om vern mot forurensninger og om avfall (Forurensningsloven) av 13.mars 1981 nr. 6.

Kap.1. Generelle forhold

§1-1. Generelt virkeområde

Forskrifta omfattar forhold der kommunen utøver mynde etter føresegner gitt i Forurensningsforskriften kapittel 2, 12, 13, 15 og 15A, samt i lokal Forskrift om påslepp av feitthaldig avløpsvatn til offentleg avløpsnett og i Forskrift om forbud mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygninger.

Forskrifta omfattar gebyr for saksbehandling og kontroll/tilsyn med

1. opprydding i forureina grunn ved byggje- og gravearbeid (Forurensningsforskriften, § 2-12)
2. utslepp av sanitært avløpsvatn frå bustadhus, hytter og liknande (Forurensningsforskriften, § 11-4, j.f. § 12-4)
3. utslepp av kommunalt avløpsvatn frå mindre busetnadar (Forurensningsforskriften, § 11-4, j.f. § 13-4)
4. utslepp/påslepp av oljehaldig vatn (Forurensningsforskriften, § 11-4 j.f. § 15-4)
5. påslepp av feitthaldig vatn (Forurensningsforskriften, §11-4, j.f. § 15A-4 og lokal forskrift om påslepp av feitthaldig vatn til offentlig avløpsnett)
6. forbod mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygningar (Forskrift om forbud mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygninger, § 11)

§1-2. Kva gebyra dekkjer

Gebyr etter denne forskrifta skal dekkje kostnadane kommunen har med saksbehandling, kontroll og tilsyn på dei områda forskrifta omfattar, medrekna kontinuerlig dokument- og systemkontroll og stadlege tilsyn etter vurdering av behov.

Gebyra skal ikkje overstige kommunen sine kostnadar ved saksbehandling eller tilsyns- og kontrollordningar.

Gebyrsatsar etter denne forskrifta inngår i gebyrregulativet og blir vedtatt av kommunestyret årlig.

§1-3. Innkrevjing

Gebyra er tvangsgrunnlag for utlegg. Kommunen kan i særlige tilfelle leggje bort krav om gebyr.

§1-4. Klage

Om det blir fatta enkeltvedtak i medhald av denne forskrift, kan denne klagast på etter reglane i forvaltningsloven § 28, andre ledd. Kommunens klagenemnd er klageinstans på gebyrforskrifta.

Gebyr må betalast innan forfallsdato sjølv om gebyrvedtaket er klagt på.

Gebyrsatsar fastsatt av kommunestyret inngår i gebyrregulativet og kan ikkje klagast på.

Kap.2. Gebyr for saksbehandling i samband med opprydding i forureina grunn ved byggje- og gravearbeider

§2-1. Virkeområde

Kapittelet gjeld gebyr for kommunens saksbehandling i samband med opprydding i forureina grunn ved byggje- og gravearbeider etter forurensningsforskriften kapittel 2.

§2-2. Gebyr for saksbehandling

Det skal betalast eit eingongsgebyr for saksbehandling ved søknad om godkjenning av tiltaksplan.

Gebyret kan bli differensiert etter areal.

Gebyret blir belasta tiltakshavar.

Kap. 3. Gebyr for saksbehandling og kontroll/tilsyn med utslepp av sanitært avløpsvatn

§ 3-1. Virkeområde

Kapittelet gjeld gebyr for kommunens saksbehandling og kontroll/tilsyn av utslepp av sanitært avløpsvatn frå bustadhus, hytter og liknande (Forurensningsforskriften kapittel 12).

§3-2. Saksbehandlingsgebyr for behandling av søknad

Det skal betalast eit eingongsgebyr for saksbehandling ved:

- søknad om utsleppsløyve
- søknad om endring av utsleppsløyve

Gebyret blir belasta tiltakshavar.

§3-3. Årsgebyr for kontroll/tilsyn av utslepp

Det skal betalast eit årlig gebyr for kontroll/tilsyn av eksisterande avløpsanlegg.

Gebyr blir belasta eigar av avløpsanlegg.

Kap. 4. Gebyr for saksbehandling og kontroll/tilsyn med utslepp av kommunalt avløpsvatn frå mindre busetnadar

§ 4-1. Virkeområde

Kapitlet gjeld gebyr for kommunens saksbehandling og kontroll av utslepp av kommunalt avløpsvatn frå mindre busetnadar (Forurensningsforskriften kapittel 13).

§4-2. Saksbehandlingsgebyr for behandling av søknad

Det skal betalast eit eingongsgebyr for saksbehandling ved:

- søknad om utsleppsløyve
- søknad om endring av utsleppsløyve

Gebyret blir belasta tiltakshavar.

§4-3. Årsgebyr for kontroll/ tilsyn av utslepp

Det skal betalast eit årlig gebyr for kontroll/tilsyn av eksisterande avløpsanlegg.

Gebyr blir belasta eigar av avløpsanlegg.

Kap. 5. Gebyr for saksbehandling og kontroll/tilsyn med utslepp/påsepp av oljehaldig avløpsvatn

§ 5-1. Virkeområde

Forskrifta gjeld gebyr for kommunens saksbehandling og tilsyn/kontroll etter forureiningsforskrifta kapittel 15 og 15A:

Kapittel 15 regulerer utslepp/påsepp av oljehaldig avløpsvatn frå

- a) bensinstasjonar,
- b) vaskehallar for køyretøy,
- c) motorverkstadar,
- d) bussterminalar,
- e) verkstadar og klargjeringsentralar for køyretøy, anleggsmaskiner og skinnegåande materiell, og
- f) anlegg for understellsbehandling

som anten har vaskeplass, smørjehall, servicehall eller liknande.

Kapittel 15A om påsepp er utforma for at kommunen skal ha høve til å beskytte leidningsnett og reinseanlegg.

§ 5-2. Saksbehandlingsgebyr

Det skal betalast eit eingongsgebyr for saksbehandling ved søknad om løyve til utslepp/påsepp av oljehaldig avløpsvatn.

Gebyret blir belasta tiltakshavar.

§5-3. Årsgebyr for kontroll/tilsyn

Årsgebyr for kontroll/tilsyn blir belasta heimelshavar.

Kap. 6. Gebyr for kontroll/tilsyn med påslepp av feithaldig avløpsvatn

§ 6-1. Virkeområde

Forskrifta gjeld gebyr for kommunens saksbehandling av og kontroll/ tilsyn med påslepp av feithaldig avløpsvatn frå verksemd etter Forurensningsforkriften § 15A-4 og lokal forskrift om påslepp av feithaldig avløpsvatn til offentlig avløpsnett.

§6-2. Årsgebyr for kontroll/tilsyn

Årsgebyr for kontroll/tilsyn blir belasta heimelshavar.

Kap.7. Gebyr for tilsyn med forbodet om fyring med mineralolje

§ 7-1. Virkeområde

Forskrifta gjeld gebyr for kommunen sitt tilsyn med forbodet om fyring med mineralolje etter føresegn i Forskrift om forbod mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygningar.

§ 7-2. Eingongsgebyr for tilsyn

Det skal betalast eit eingongsgebyr ved tilsyn.
Gebyret blir belasta heimelshavar.

Kap.8. Ikraftsetjing

§ 8-1. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft 01.01.2020.

Samstundes vert Forskrift 24. november 2016 nr. 1916 om gebyr for saksbehandling, kontroll og tilsyn etter forurensningsregelverket, Ålesund kommune, Møre og Romsdal , oppheva.